

**Fra:** Tannlege Sondre Villanger Håland <sondre@tannlege.so>  
**Sendt:** onsdag 29. mars 2023 09:21  
**Til:** Postmottak Alver; resepsjon@mangertannlegesenter.no  
**Emne:** Vassforsyning, Idrettsvegen, Manger. Att. Vatn og avløp

Til ansvarlege for vassforsyninga på Manger.

No har me ved fleire anledningar dei siste vekene mista vasstrykkjet på tannlegekontoret vårt i Idrettsvegen. Utan noko som helst varsel. Dette medfører at me ikkje kan utføre dei behandlingane me er i gong med, i tillegg til at me har kostbare maskiner som er tilkopla kjølevatn, som me risikerar vert øydelagde når vatnet forsvinn.

Astrid, som jobbar her, snakka med Asgeir Nøttveit, som fortalde at grunnen til at me mistar trykk, er at Radøyhallen må rense eit filter relativt ofte. Og grunnen til at dette må rensast, er at det er ein ventil som allereie skulle vore skifta. Han sa at om det ikkje vert rensa, må dei avlyse badinga for skuleelevane. Dette vil sjølvstundt vere trist for elevane, men det er ærleg talt ikkje vårt problem. Me kan ikkje sende pasientane våre heim fordi vatnet vert stengt. Eller få maskiner til 100.000 kroner øydelagd. Me vonar de finn ei snarleg løysing på dette, for me kan ikkje leve med ustabil vassforsyning slik det er no.

mvh  
Sondre Villanger Håland

---

Sondre Villanger Håland  
Tannlege  
Manger Tannlegesenter AS  
Idrettsvegen 3  
5936 Manger

Telefon: 56 37 00 40